

GODT BESØK

Nattjazz 2010 ble avsluttet lørdag kveld og arrangørene melder om godt besøk. Foreløpige tall viser et overskudd på om lag 200.000 kroner, som er betraktelig bedre enn underskuddet på 200.000 kroner fra fjor viste. Hele 18.973 mennesker besøkte årets festival i Bergen. ©NTB

SIKRET FOR 2011

Det blir Lydverket på NRK TV også i 2011, og Asbjørn Slettemark fortsetter som programleder. Dermed er det klart at musikkinteresserte tv-seere er sikret et tilbud neste år. – Dette er strålende nyheter. For redaksjonen har det virkelig varmet med støtten fra seere. De har vist et enormt engasjement for det vi holder på med. Den entusiasmen hjalp oss til å lage en kanonsesong, som ble avrunnet med seerrekord, sier Lydverket-programleder **Asbjørn Slettemark**. **Vårt Land**

EXIT?

Den britiske rockesangeren og rebellene **Pete Doherty** kan være på vei ut av Babyshambles. Det er svenske Aftonbladet som skriver at det ser mørkt ut for et videre samarbeid mellom Doherty og resten av bandet. I følge trommis **Adam Ficek** har ikke Babyshambles hatt kontakt med rockerens på over tre måneder. ©NTB

K'NAAN TIL VERDENSMUSIKKFESTIVAL

Den somaliske rapperen **K'naan** (bildet) er et av de første navnene som offentliggjøres til årets Oslo World Music Festival – og er blitt ekstra aktuell. K'naan står neslig på scenen under åpningen av fotball-

VM 10. juni, sammen med blant andre **Shakira** og **Alicia Keys**, mens låten hans «*Wavin' Flag*» er plukket ut til å være blant de offisielle sangene. Allerede i 2006 opptrådte K'Naan, som vokste opp i Toronto etter at familien flyktet fra Somalia da han var 13 år, på verdensmusikkfestivalen i Oslo. ©NTB




Gløymd storleik

Anmeldt av **Kolbein Haga**
kultur@vl.no 22 310 389

Organisten Harald Rise fortener stor ros for å dra fram desse flotte verka av dei meir og mindre gløymde storleikane.

Det nyrestaurerte seinromantiske frueorgelet gir Trondheims orgelprofessor optimale tilhøve for å skapa den romantiske dām føreliggjande repertoar fordrar. Og det gjer han til fulle: Anten han brukar brei eller smal pensel er resultatet av det overtydande slaget. Max Regers *Ave Maria* rører ved dei sarte stenger, Reger-eleven Karg-Elerts symfoniske koral over *Jesus, meine Freude* tar oss inn i den storslegne dynamikk. Eit av Arild Sandvolds seinare verk, varasjonane over *Eg veit i himmerik ei borg* (1959) er tidlegare innspelet av både Kåre Nordstoga og Bjørn Boysen. Av desse går Rise lengst i romantiseringa retning,



CD ORGEL

Ave Maria

Harald Rise spelar på Sauerorgelet (1920) i Vår Frue kyrkje, Trondheim.
Verk av Lemare, Reger, Jongen, Sandvold og Karg-Elert.
Euridice EUCD 52

ein handgrep som heilt og fullt korresponderer med Saurorgelets estetikk.

Overrasking. Platas opningsstykke er ei positiv overrassing: Engelsmannen Edwin H.

Lemars Toccata og fuge i dmoll er ein høgst vélpropsjoner komposisjon skiven i 1920. Lemare var ein av USA:s mest suksessfulle orgelvirtuosar men vart etter si tid så bortgløymd at han korkje er nemnd i nordiske musikklesika eller lét seg oppspora på internett.

Belgieren Joseph Jongen har komponert for alle slags instrument og besetningar men er nærmest kjend som orgelkomponist. Også han er i vår tid så ukjend at du leitar fåfengd etter namnet i Norsk musikklesikon. På denne plata får me høyra det mest kjende verket hans: Sonata Eroica.

Fortener ros. Rise fortener stor ros for å dra fram desse flotte verka av dei meir og mindre gløymde storleikane frå vår nære musikkhistorie. Men mest av alt skal han ærast som ein av våre fremste orgelkunstnarar.

«Slik Eidsten Dahl lét Schumanns komposisjonar *Für den Pedalflügel* bli ikledd orgelham, har eg aldri hørt maken til»


Kolbein Haga i si melding av Inspired by Bach

Den gode smak

Anmeldt av **Kolbein Haga**
kultur@vl.no 22 310 389

Anders Eidsten Dahl er ein av våre fremste og mest veldanna unge organistar. I føreliggjande repertoar viser han seg også som ein mann av den gode smak. Arne Eggens (1881-1955) og Farstein Valens (1887-1952) orgelverk er ved sida av Sandvolds Introduksjon og passacaglia dei mest framståande innan norsk orgelkultur før krigen. Eggen var i si tid ein av våre fremste organistar og komponistar. Gjennom omfattande studier i Kristiania og Leipzig er det ikkje til å undrast over at hans monumentale 16 minuttars Ciaconna frå 1917 vitnar om slektskap til Reger og Karg-Elert. Men nærværet av Eggens eigenart er til å ta og føla på.

Nærleik til Eggen er der også i rom og instrument: Han var organist i Bragernes kyrkje då han skreiv sin Ciaconna og åtte vesentlege stemmer frå det



CD ORGEL

Inspired by Bach

Anders Eidsten Dahl spelar på orgelet i Bragernes kyrkje, Drammen.
(Jensen 1872, litt Jørgensen 1929, men mest Lund 1998). Verk av Schumann, Eggen, Valen og Bach.
Lawo Classics LWC 1007

dåverande orgelet inngår i det nærværende

Problematisk. Personleg tykkjer eg tolkingane av Valens *Pastorale op. 34* og Preludium og fuga op. 33 er noko problematisk:

Fråværet av den karakteristiske valenske djuptloddande kjenslevarleik er saknesamt. Men slik Eidsten Dahl lét Schumanns komposisjonar *für den Pedalflügel* bli ikledd orgelham, har eg aldri hørt maken til.

Sjeldent. Avslutningsvis på *Inspired by Bach* får me høyra noko så sjeldent som eit noppdag stykke av inspiratoren: Då Universitäts- und Landesbibliothek Sachsen-Anhalt i 2008 fekk ein del manuskript etter thomaskantoren Wilhelm Rust, blei der oppdagat ei fullstendig avskrift av Bachs fantasi over koralen *Wo Gott der Herr nicht bei uns hält*. Kjennskapen til stykket har tidlegare vore avgrensa til eit kort fragment. Oppdaging av dette vitale ungdomsverket har fått stor merksamhet i vide krinsar.

Anders Eidsten Dahl har her levert ein platedebut som han kan vera kjend av. Det må gjerne koma fleire innspelinger.